




Nytt Omsorgssenter

Tittel:



Månadsrapport

Periode 02/2025

E02	13.03.25	Til styringsgruppa		BSK	EWI	
A01	12.03.25	Intern høyring		BSK	EWI	
Revisjon	Dato	Tekst		Laget	Kontrollert	Godkjent
Logo:		Områdekode:	Systemkode:	Antall sider:		
				Side 1 av 5		
Utgiver:		Dokumentkode:		Løpenummer:	Revisjon:	
		IM		001	E02	



Innholdsfortegnelse

1.	Sammendrag	3
2.	Økonomi	3
3.	Framdrift	4
4.	Regulering	4
5.	Andre forhold	4
5.1.	Bruk av klimasatsmidla.....	4
5.2.	Forhandlingar med grunneigarar	4



1. Sammendrag

I perioden:

- Arkitektane har i nært samarbeid med kommunen, jobba mykje med planteikningane (plassering av rom og funksjonar). Dette gjer at 'Stjerna' no nærmar seg sin endelege form og storleik.
- Konstruksjonsprinsipp for berande konstruksjonar i bygget er det brukt mykje tid på. Bl.a. ser ein nærrare på bruk av massivtre som gir den beste miljømessige løysinga og som ligg nærast opp til kommunens miljøambisjonar.
- Arbeid knytt til klimasatsmidla ved å definera omfang, innleiande klimagassberekingar, osv. Sjå pkt. 5.1.
- Dialog med grunneigarar for eventuelt oppkjøp av eigedomar pågår, sjå pkt. 5.2.

Neste periode:

- 'Låse' planteikningane og dei ulike plannivå i bygget som inneber at det ikkje lenger er mogeleg å gjera større endringar utan tid og kostnadsmessige konsekvensar.
- Låse planteikningar og dei ulike plannivå i bygget.
- Større involvering frå dei tekniske faga, bl.a. modellering av tekniske føringar, sjakter, dekke, varmebehov og energikilder.
- Oppdatera plan for balkongar, uteområde, vinterhage, fasadeutforming, etc.
- Starta arbeidet med å utarbeida konkurransegrunnlaget for entreprise 'Sanering og grunnarbeid'.

2. Økonomi

Med utgangspunkt i vedteke budsjett på 22,5 mill. for forprosjektet, rapportera prosjektet totaløkonomi som følgjande:

Forprosjekt - Økonomisk månedsrapportering periode 02/25 (eks. mva.)						
Post	Beskrivelse	Gjeldande budsjett	Gjeldande prognose	Sum forpliktelsar	Påløpt i perioden	Påløpt akkumulert
1	Prosjektering, Norconsult totalt	18 000 000	18 000 000	12 333 467	1 064 138	5 443 150
2	Administrasjon	3 500 000	3 500 000	3 500 000	217 081	663 331
3	Uforutsette kostnader	800 000	800 000	0	0	0
4	Div. kostnader	200 000	200 000	0	0	16 800
	Sum	22 500 000	22 500 000	15 833 467	1 281 219	6 123 281

Kommentar til økonomirapporten:

- Årdal kommune har søkt om og vorte tildelt eit tilskot / klimasatsmidla på kr. 236 500 frå Miljødirektoratet. Tilskotet er knytt til forprosjektet og vert utbetalt når prosjektet har rapportert i tråd med krav som er stilt. Tilskotet inngår førebels ikkje i prosjektets økonomirapportering.
- Prosjektleiinga vurdera økonomien i prosjektet som god og at det er svært liten risiko for at gjeldande budsjett for forprosjektet ikkje er tilstrekkeleg.



3. Framdrift

Framdrift så langt går som planlagt. Usikkerheit i framdrifta ligg først og fremst i samtidig prosjektering og reguleringsprosess.

Med ca. 3 månader att før forprosjektet skal vera ferdig er det greitt å minna om følgjande milepæla (alle milepæla er dagmulktsbelagte):

- | | |
|----------|---|
| 30.05.25 | Levering forprosjektkalkyle (dato for gjennomføring av usikkerheitsanalyse må avtalast, styringsgruppa vert invitert til å delta) |
| 02.06.25 | Levering høyingsutkast konkurransegrunnlag for entreprise 'Sanering og grunnarbeid'. |
| 20.06.25 | Levering forprosjektrapport (dato for når forprosjektet skal presenterast for styringsgruppa, må avtalast) |
| 22.06.25 | Levering endeleg konkurransegrunnlag for entreprise 'Sanering og grunnarbeid'. |
| 26.09.25 | Levering høyingsutkast konkurransegrunnlag for totalentreprise på bygg |
| 24.10.25 | Levering endeleg konkurransegrunnlag for totalentreprise på bygg |

4. Regulering

Arbeidet med reguleringsplanen er i sluttfasen der vi arbeider med å avklare siste detaljer. Vi ventar enda på støymålingar frå Hydro for å kunne gjere ei komplett støyvurdering for omsorgssenteret. Vi har hatt eit møte med Vestland fylkeskommune v/ avdeling infrastruktur og veg om trafikkloysingar den 13. mars, som gav positiv tilbakemelding på dei planlagde løysingane. Første gongs handsaming av planen for utsending til høyring og offentleg ettersyn vert 8. mai for å inkludere utval for samfunn.

5. Andre forhold

5.1. Bruk av klimasatsmidla

- Som nemnt under pkt. 2 Økonomi, er kommunen tildelt kr. 236 500 i klimasatsmidla som skal nyttast til bl.a. vurdering av klimagassreduserande tiltak i forprosjektet. Det pågår no eit arbeid med å utarbeida dokumentasjon for at kommunen skal kunne gjere seg nytte av desse midlane.

5.2. Forhandlingar med grunneigarar

- Det vart gjennomført nye forhandlingsmøte med grunneigarane på Tangevegen 16, 18 og 20 i veke 9. Alle grunneigarane signalisera positiv vilje til å koma frå til ein minneleg avtale. Konklusjonen på møta var at kommunen skal gje Tangevegen 16 og 18 eit tilbod om erverv av eigedommane med utgangspunkt i retaksering som nyleg er gjort. For Tangevegen 20 (bensinstasjonen) der kommunen eig grunnen, prøver ein å få til



ein avtale der noko av det festa arealet kan nyttast i forbindelse med nytt omsorgssenter.

- Det er eit mål om å inngå bindande avtalar med grunneigarane før det ligg føre eit eventuelt vedtak om utbygging.